

Nye forskrifter i samband med ny Opplæringslov

Kommunalavdeling Oppvekst

Ny Opplæringslov 01.08.2024

- Bakgrunnen for arbeidet med å laga nye forskrifter, og sjå på eksisterande forskrifter er at det trer i kraft ny Opplæringslov 01.08.2024.
- I den nye lova er det krav om at heradet må ha forskrifter som omhandlar skulereglar, permisjon frå skulen, skulefritidsordninga, skuleruta og hovudmål, og at forskriftene må kunngjerast på Lovdata. Det er ein kategori av forskrifter som heradet kan ha, og desse er òg omfatta av krav om kunngjering på Lovdata. For Voss herad gjeld dette forskrift om inntaksområde i Voss herad, som vert erstatta av Forskrift om skulekrinsar i Voss herad.
- Det var naturleg å sjå på struktur, språk og forenkling av eksisterande forskrifter når ein må kunngjera dei på Lovdata. Dei eksisterande forskriftene må vera i tråd med ny Opplæringslov, og fylgje vanlig oppbygging av forskrifter med paragrafinndeling og føremål etc.
- For å gjera eksisterande forskrifter meir brukarvenlege og enklare å handheva, vart det gjort endringar i gjeldande forskrifter som medfører at dei må opphevast og erstattast med nye.



- Gjennom Hardanger/Voss kompetanseregion har me samarbeida om å laga nye forskrifter, og me har sett på kva større kommunar har lagt ut på høyring. Rektorane ved grunnskulane i Voss herad vart involvert i arbeidet, og fekk kome med innspel i arbeidsprosessen.
- Fleire kommunar har valt å gjere endringar på eksisterande forskrifter, og vedtek nye som skal kunngjerast.
- Det er viktig at dei nye forskriftene er tydelege, lette å forstå og lette å handheve. I enkelte forskrifter er det viktig å ha med formuleringar som opnar for skjønsmessige vurderingar.



- Av dei forskriftene som vert erstatta med nye, er det mykje som er likt, men det er nytt oppsett med paragrafinndeling, nye formuleringar, lagt inn nokre nye punkt og teke vekk nokre eksisterande punkt.
- Der eksisterande praksis passar med den nye lova er praksis teke med i forskrifta. Det vil gjera det enklare å forstå vedtak som vert fatta, og gjera det enklare å handheva forskrifta. Det vil òg føra til at det vert eit meir føreseieleg regelverk som vil bidra til at det vert likebehandling i sakshandsaminga. Det vil difor til dømes vera lettare for føresette å forstå korleis ein søker om permisjon, og kva vilkår som må vera oppfylte for å få permisjon frå skulen når dei ser i forskift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Voss herad. Det vil dessutan vera slik at når ein har ei klar avgrensing med at 10 skuledagar i året er maksimalt det som kan gjevast i permisjon, så vil det sikra at alle skulane har lik praksis.

- Det er kome inn sju innspel til forskriftene.
- Grunnen til at det ikkje har kome mange innspel er nok at rektorane vart involvert tidleg i prosessen, og at forskriftene ikkje skil seg ut frå tilsvarande forskrifter i andre kommunar. Det er dessutan mykje som er likt i dei forskriftene som vert erstatta med nye.
- Nokre av forskriftene er meir som ei formalisering av ein lang praksis. Til dømes stadfestar forskrift om hovudmål, at nynorsk er hovudmål i grunnskulane i Voss herad.
- Nokre av innspela er tatt til fylgje.

